



Årsmelding for  
Vest-Telemark Museum  
2015

- Økonomiske stoda
- Overordna mål og føremål
- Langsiktige mål og strategiar
- Årsrapport 2015
- Kommentar til rekneskap og balanse
- Budsjettframlegg 2017 – nye tiltak

Vedlegg revidert rekneskap 2015, arbeidsbudsjett 2016 og budsjettsøknad 2017

## Økonomiske stoda

Årsrekneskapen er revidert og viser eit positivt resultat på kr.36.324,-. Dei faste offentlege driftstilskot kjem inn som budsjettert, og utgjorde i 2015 63,1% av samla inntekter, mot 66,3% i 2014 og 62,8% i 2013. Av dei offentlege tilskotta utgjorde statleg bidrag 53,9%, medan fylke og kommunar bidrog med høvesvis 25,5% og 20,6%.

Styrking av eigeninntektene er framleis prioritert. Budsjettmål var sett til kr.4.300', medan resultat viser kr.5.024'. Ein svært positiv sommarsesong med gode billettinntekter og eit aktivt salsarbeid særskild på suvenir er hovudårsakar.

Salsutviklinga var positiv for alle typer sal. Auken på mat er 25,4 %, billettar 41 % og suvenir på 51 %. Boksalet gjekk opp med over 81 %, og dette var særskild knytt til to bokutgjevingar me hadde i oktober. Arbeidet for betre bruttoforteneste på mat og suvenir gav også resultat, og vart vidare forbetra frå 51,7 % til 52,77 %. Dette trass i ekstraordinær nedskriving av ukurant varelager.

Ekstern finansierte prosjekt vart inntektsført med kr.1.214' mot 1.420' i 2014, men i tillegg hadde ein investeringsprosjektet kanalparken med ei totalramme på kr.5.950'. Gjennom prosjekta fekk ein utført viktig utviklingsarbeid og styrka attraksjonskraft og publikumstilbod.

Personalkostnadane auka vidare med om lag 1 % trass i innskrenkingane på kjøkendrifta og opningstider lågsesong. Auka pensjonskostnadar og ekstra trong for mannskap i høgsesong gjorde at ein ikkje fekk full effekt av innskrenkingane. I tillegg er om lag eit årsverk knytt til investeringsprosjektet aktivitetsparken, og desse lønskostnadane er aktivert i driftsrekneskapet. Personalkostnadane utgjorde i 2015 56,5% av samla ramme mot 59,5% og 52,5% dei føregåande år.

I høve til likviditet opplevde ein for første gong mangel på dette. Høgt aktivitetsnivå gjennom fleire år og behov for likviditetsmessig dekning av eigenandel i prosjekt har redusert kontantbehaldninga i stiftinga. Departementet vart varsle i oktober, og då ein kom til desember var ein tvunge til å ta opp eit ekstraordinært likviditetslån på 1,5 mill. Dette vart gjort etter naudsynt godkjenning frå departementet, og med sjølvskuldnergaranti frå Tokke kommune. Lånet har ei løpetid over to år, og nedbetaling er innarbeidd i drifts- og likviditetsbudsjett for 2016 og 2017. Det er gjort ei rekke betydelege innsparingstiltak og reduksjonar i aktivitetsnivå. Betjeninga av lånet er årsak til budsjetterte overskott desse to år.

Med resultatet for 2015 er eigenkapitalen til stiftinga kr. 1.066.806,-, då medrekna eit fond på kr.197.227,- bunde til innkjøp til samlingane. Styret og leiinga ved museet har skjerpa økonomirutinene og har særskild fokus på utvikling av likviditet og eigenkapital i arbeidet framover.

Styret vurderer føresetnadane for det statlege tilskottet som oppfylte.

## Overordna mål og føremål

### Hovudmål 2016-2018

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal sikre eit stabilt og mangfaldig kunst- og kulturtilbod med vekt på kunstnarleg og fagleg kvalitet, og at materiell og immateriell kulturarv frå fortid og samtid vert bevart og gjort tilgjengeleg for ettertid.

Stiftinga Vest-Telemark Museum skal stimulere til ivaretaking og nytenking ved bruk og utvikling av lokale ressursar.

Dette skal skje ved å gje kunnskap om, forståing for og oppleving av kultur- og kunsthistoria til Vest-Telemark på ein måte som viser både kontinuitet og endring, samanheng og forskjell.

Vest-Telemark Museum skal

- trygge og auke driftsgrunnlaget for verksemda, sikre gode arbeidstilhøve og fysiske rammevilkår.
- arbeide målretta for å betre katalogiseringa, sikringa og bevaringa av samlingane.
- leggje til rette for forsking og formidling i tilknyting til samlingane.
- nå ut til alle grupper med særskild vekt på barn og unge.
- halde vedlike sine bygningar og kulturlandskap for ettertida.

## Langsiktige strategiar og planar

### Resultatmål 2016-2018

#### Drift og utvikling

- vidareutvikle NSE og VTM – Eidsborg som heilårsope museum
- arbeide for heilårsope Kunstmuseum for regionen
- auke eigne salsinntekter i 2017 til kr. 4,6 mill.
- styrke marknadsarbeidet og prioritere 2 % av budsjettet til dette
- styrke faglege ressursar innan formidling, vedlikehald og kjeldearbeit
- gjennomgå organisasjonsplan og ansvarsområde
- kurse og vidareutdanne personalet
- vere aktiv deltarar og utviklar av faglege nettverk
- vidareutvikle HMS/IK-planarbeidet

#### Samling

- drifte det nye fellesmagasinet med klare rutiner for mottak, prioritere flytting av samlingar og gjennomgang av registrering
  - avslutte mellombelse magasin
- rullere samlingsforvaltningsplan for VTM

## Årsmelding 2015

- gjennomføre ei restriktiv innsamling med prioritering av dei tematiske satsingsområda folkekunst og skikultur, 1900-talsmateriale og styrking av dei eksisterande temasamlingane
- gjere samlingane tilgjengeleg med DigitaltMuseum
- etablere kjedesenter for regionen med faglege ressursar privatarkiv og fagbibliotek

### Forsking og dokumentasjon

- prioritere oppfølging av faglege førespurnader innan våre fagfelt
- stimulere til forsking innan våre fagfelt gjennom å setje av eigne ressursar og utarbeide problemstillingar for masterstudentar og andre
- vidareføre stipendordninga for forsking på kultur- og kunsthistoriske tema frå regionen
- stille våre kjelder digitalt tilgjengeleg

### Formidling

- produsere utstillingar og arrangement som stimulerer til kritisk refleksjon og skapande innsikt
- auke tilgjenge til musea med revidering opningstider og tilrettelegging for funksjonshemma
- vektlegge aktivitetsutvikling og formidling til born og unge
- vektlegge heimesida som informasjons- og formidlingskanal for museet
- prioritere aktivitetsbasert læring, auka bruk av rekvisittar og sosiale media
- utvide skuletilbodet med fleire pedagogiske opplegg
- styrke samarbeidet med DKS
- styrke opplæringa av dei sesongtilsette formidlarane, utarbeide betre ressurspermar og formalisere kurs

### Vedlikehald og sikring

- gjennomføre prioriterte vølingar antikvariske bygg og kulturlandskapstiltak
- utarbeide vedlikehaldsplan med oversyn over trøng, prioriteringar og løysingar
- etablere realistisk rullering for vedlikehaldet
- styrke kompetansen innan bygningsvern
- følgje opp alarmanlegg teknisk og sikringsrutiner

## Årsrapport 2015

### Fornying

VTM bidreg til eit rikare, betre og meir variert museums- og kulturtilbod. Ein har prioritert eit høgt aktivitetsnivå og ekstensivt tilbod for å nå potensialet i våre anlegg. 2015 var eit år med vidare satsingar, med opninga av aktivitetsparken i Eidsborg som det største. Men i tillegg var det også ein høg produksjon av utstillingar og vidare prioritering av samlingsrevisjonen og oppbygging av privatarkivordning for regionen.

Største utviklingstiltak var bygging og opning av eit aktivitetsområde ved museet i Eidsborg. 1.juli opna me ein 105 meter lang modell av Telemarkskanalen; vassførande, med sluser og modellar av historiske båtar. Langsetter kanalen vert sentral næringshistorie formidla. I tillegg vart den gamle husmannsplassen, Liosmia og området rundt tilrettelagt for handverks- og husflidsaktivitetar.

Konsolideringsprosessen med Grimdalstunet gjekk vidare, og det var gjort ei vurdering av ansvarsforhold, drift, vedlikehaldstrong og økonomi. Der er eit etterslep på vedlikehald, ein skal erstatte ein omfattande dugnadsinnsats og etablere faglege standard som elles for VTM. Ein har sett som føresetnad at det skal følgje tilstrekkelege ressursar med for å handtere oppgåvane.

I løpet av året vart ei museumseining formelt avslutta, ved at stiftinga Margit Liens samling vart oppløyst etter at samlingane vart innlemma i VTM og Myklestogo som tidlegare hadde husa samlingane vart seld.

Utviklinga av privatarkivordninga for Telemark gjekk inn i ei ny fase dette år. Ny prosjektperiode med støtte frå Tfk gjorde det mogeleg å lansere Telemarksarivet. Fyrste del av ei fast basisfinansiering for arbeidet er slik på plass, og fylket trappar opp i 2016 samstundes som ein arbeider for å konsolidere ordninga med tilskot frå dei andre forvaltningsnivåa.

Ein fekk av Kulturrådet delfinansiert ei eit års aspirantstilling for kulturarbeidar med minoritetsbakgrunn. Denne skal lære korleis institusjonen arbeider, i tillegg ha eit eige prosjekt: dette har som føremål å gjøre museet til arena for læring, oppleveling og møteplass for ikkje-vestlege innvandrar i regionen.

Av viktige samarbeid i 2015 vil ein trekke fram dei andre musea i fylket, Dyrsku'n, Høgskolen i Sørøst-Norge, Nasjonalmuseet, Norsk Folkemuseum og Bunad og Folkedraktrådet. Internasjonalt arbeid var bygningsvernprosjektet i Polen (EEA Grants) og MidWest-prosjektet (oppdrag av Tfk) der me var ansvarleg for kulturdelen. MidWest-prosjektet vart formelt avslutta ved nyttår, men dette har skapt kontaktar og ynskje om vidare samarbeid mellom anna med Vesterheim Museum.

### Forvaltning

Innan samlingsforvaltninga er hovudprioritet framleis den store revisjonen i samband med overføring av gjenstandar til kontrollerte magasin. I gjennomgangen vert materialet vurdert og prioritert ut frå bevaringsverdi, tilstand, fryst og reingjort og dokumentasjon og foto kontrollert og oppgradert. I 2015 er eit mellombels magasin er avslutta, og lagra gjenstandar ved Kviteseid bygdetun og Øyfjell bygdemuseum overført.

## Årsmelding 2015

Det er etablert rutiner for tilsyn av oppbevaringstilhøve på alle våre anlegg, og tiltak vert prioritert og følgd opp etter dette. I 2015 er det m.a. gjort tiltak for å redusere UV-belastning i utstillingar, reingjering og klimaregulering. Viser elles til tal og utfyllande kommentarar i statistikken.

Gjennom Telemarksarkivet er samfunnsoppdraget til VTM utvida. Prosjektet gjekk inn i ei ny fase i 2015 og vart lansert 1.september. Arkivtenesta ved VTM har i løpet av året hatt eit aktivt innsamlings- og ordningsarbeid, og har også bruka mykje ressursar på arkivformidling gjennom arbeidet med dagbøkene etter Ole Blom. VTM opplever dette nye fagfeltet som ei styrking av det faglege arbeidet ved museet, og det er også med på styrke vår regionale rolle innan kulturarbeidet. Viser elles til eigen innsending av arkivstatistikk.

Prioritert sikringsarbeid i 2015 var trygging av gruvevandringa på Åmdals Verk Gruver. Utbetring av trappa vart gjennomført, men resten av prosjektet med bl.a. reinsking av fjell er utsett på grunn av manglande finansiering. Elles er eksisterande alarm- og brannvarslingsanlegg på einingane kontrollert og følgd opp i tråd med rutiner.

Innan bygningsvern var dei viktigaste tiltak nytt lista på Mostaulstoga på Øyfjell Bygdemuseum og vøling av husmannstoga i Eidsborg. Begge prosjekta vart meir omfattande og kostnadskrevjande enn forutsett, men er no ferdigstilt. Elles vart det gjort tilsyn, førebyggande tiltak og ei rekke mindre vølingar. Som rapportert ved tidlegare høve har VTM ei svært omfattande og krevjande bygningsmasse. Det var i 2015 eit sterkt ynskje å få på plass ein prioriteringsplan og ein byrja forankringsarbeidet i lokalstyrta for dette. Søknad om dette prosjektet fekk dverre ikkje tilsegn. Det er stor trøng for både ei ressursmessig styrking av denne delen av museet, og ein prioriteringsgjennomgang.

### Forsking

Det er avgrensa kva ressursar VTM sjølve kan setje av til forskingsarbeid. I samband med formidlings- og bokprosjekt vert det gjort viktig innsamlings og dokumentasjonsarbeid, og også forsking. Viktigaste arbeid i 2015 var:

- Bokprosjekt om Snowshoe Thompson i samarbeid med fagforfattar Halvor Kleppen. VTM var prosjektansvarleg, utgjevar og hadde språkleg/fagleg redaksjonsnemnd. Boka vart lansert i oktober, og mottekk no i februar *The Skade Award* frå International Ski History Association.
- Transkripsjons- og bokprosjekt knytt til dagboksmaterialet etter Ole Blom (1784-1846). Prosjektet starta i 2014 og vert avslutta i 2016. Prosjektet vert gjennomført i samarbeid med Kviteseid Historielag. I tillegg til fagressursar frå museet har ein engasjert historikar Gunnar Bolstad som artikkelforfattar. Prosjektet har utløyst vel eit årsverk i dugnadssinnsats.

Elles prioriterer me å bistå og legge til rette for studentar, forskrarar og andre som har bruk av vårt materiale.

Ein har ikkje utarbeidd eigen forskingsplan for VTM, men tiltak og prioriteringar vert gjort i den årlege driftsplan.

## Formidling

Besøket hadde i 2015 ein samla auke frå året før på totalt 9,1% og 16,6% for betalande gjester. Fleire av dei nye utstillingane og særskild kanalparken fekk god merksemd og respons frå publikum, i tillegg til at det var ein god reiselivssommar elles i regionen. Auken var størst på dei største einingane, men også fleire av dei mindre einingane hadde god utvikling. Særskild gledeleg var auken i registrerte born og unge på 73 %.

Nye basisutstillingar dette året var Nystogsamlinga (Øyfjell Bygdemuseum). Elles vart det produsert/presentert 12 nye temporærutstillingar:

- Ja takk, begge delar
- Kraft i vatn
- Skilbragdteppe
- Gullkniven
- Dykker Majestet -elgutstilling
- Vest-Telemark i det 21.hundreår -kunstfoto
- Sveve høgt leve fritt
- OL- og VM-deltakarar frå Telemark
- Snowshoe Thompson (x2)
- Folkestadbyen -foto
- Arbeidshesten
- salsautstilling Skule Waksvik, Ingerid P. Kuiters og Sven Pousson

Aktivitetsnivået var høg også dette året. Det vart halde 25 opne møte/føredrag i eigen regi og 17 konserter.

Arbeidet med den kulturelle skulesekken gjekk vidare, og ein fekk etablert eit fast nettverk med DKS-kontaktane i kommunane. Det vart ikkje utvikla noko nye opplegg, men ein drifta vidare dei eksisterande. Ein hadde ein auke på 267 % i antal deltakande elevar i pedagogiske opplegg, og dette var i hovudsak knytt til turneen om Talleiv Huvestad utvikla i samband med Grunnlovsjubileet.

Museet lanserte ny heimeside i 2015, og då vart ikkje dei nettbaserte pedagogiske opplegga vidareført. Nettsida er no bygd opp på ein annan måte, og ein vil vurdere korleis ein nyttar denne reiskapen ovanfor skulane. Bruken av heimesida auka med vel 27 % i høve året før. Den nye sida er tilpassa smart-telefon og nettbrett. VTM lanserte også eigen museums-App, som særskild vil bli bruka for formidling på våre friluftsmuseum. Denne er enno under utvikling.

Plan, strategi og resultatmål for formidling vert årleg rullert og vedteke i driftsplan.

## Lov om diskriminering og tilgjenge

Krav til universell utforming og mangfold vert lagt til grunn i planlegging av bygningsmessige tiltak og utforming av utstillingar. Mange av dei gamle utstillingsbygga og dei antikvariske bygningane er likevel ikkje tilrettelagt for alle grupper, og kan heller ikkje bli det utan større og omfattande tiltak.

## Likestilling

VTM arbeider for å fremje likestilling og lik løn for likt arbeid og ansvar. Dette reflekterer kjønnsfordeling både mellom dei tilsette og styre. Mellom dei tilsette var det i 2015 40 % kvinner, og i styret er fordelinga 44-56.

## Immateriell kulturarv

Vidareføring av handlingsboren kunnskap er framleis vårt viktigaste bidrag til ivaretaking av den immaterielle kulturarv. Viktigaste nye tiltak i 2015 med opninga av aktivitetsparken der husflidslag og smedar frå regionen presenterte og let publikum prøve ut ulike handverk og husflidsaktivitetar. Dette vert også gjort i på fleire av arrangementa på musea og også trekt inn i nokre av dei pedagogiske opplegga.

## Vedlikehaldsrapport - erklæring frå styret

VTM er ansvarleg for ei omfattande bygningsmasse spreidd ut over ein stor region. Det er ikkje realistisk innanfor våre rammer å etablere eit naudsnyt vedlikehaldsnivå dersom ein skal følgje antikvariske prinsipp, og me opplever at etterslepet aukar. Ein freistar å skaffe eksterne prosjektmidlar til særskilde og krevjande tiltak, men er som museum avskore frå dette.

Det vart i 2015 teke eit initiativ frå VTM om ei bygningsvernsatsing, og denne er no lyfta opp av Tfk. Musea er tenkt ei rolle i det vidare arbeidet, men det er enno uvisst om det vil gjere oss i betre stand til å ta ansvar for dei objekt er ansvarlege for.

Styret erklærer at vedlikehald av antikvariske bygg og samlingsbygg er prioritert, og det vert gjort godt og viktig arbeid innan dei rammer ein har. Men det vil vere naudsnyt med både ei hardare prioritering av tiltak og ein ressursmessig styrking om ikkje viktig bygningsarv skal gå tapt.

## Kommentar til rekneskap og balanse

Viser til gjennomgang under kapittel om den økonomiske stoda. Som rapportert om tidlegare er balansen særskild påverka av dei låna knytt til kjøp av Norsk Skieventyr og Tokke kommune si finansiering av utbygginga i Eidsborg. Nytt for 2015 er også likviditetslånet som vart teke opp i desember. Dette kjem i driftsbudsjettet for 2016 berre tilsyne med rentekostnadane, medan betjeninga av lånet skal bli dekt av overskotet. Dette er årsak til at det er budsjettert med overskot både i 2016 og 2017.

Viktigaste endringar av varelageret er at ein har fått eit større boklager med dei to nye bøkene museet gav ut hausten 2015. Det er gjennomført ei generell nedskriving på varelageret. I tillegg er det gjort ei ekstraordinær nedskriving på ukurat lager av suvenir. Varelageret utgjere no kr. 1.675' mot kr. 1.480' i 2014 og 1.619' i 2013. Dette er også med å påverke resultat og bruttoforteneste.

Samla bruttoforteneste på eigen salsvarer er betra vidare frå 43,6% i 2013, 51,7% i 2014 til 52,8% i 2015. For matsal er bruttofortenesta dette år 55,1% medan den for suvenir er 47,9%.

## Oppsummering budsjettframlegg 2017

### Omtale planlagt drift 2017 og nytt tiltak

Vest-Telemark Museum har ei etablert drift i tråd med kulturpolitiske føringar og regelverk. Ein kan ut frå våre rammer og føresetnader vise til stor aktivitet og gode faglege resultat, og me opplever å vere ein attraktiv samarbeidspartner for andre institusjonar og fagmiljø.

Drift for 2017 vil vere om lag på same nivå som i 2016. Etter den utfordrande likviditetssituasjonen hausten 2015 har ein gjennomført den naudsynte justering i bemanning og aktivitetsnivå, og dette vil også måtte gå i 2017. Det vil vere avgjerande for VTM å etablere ei drift innanfor våre basisrammer, og igjen få bygd opp ein tilstrekkeleg eigenkapital. For å nå dette må ambisjons- og aktivitetsnivået reduserast noko, og me må tenke meir forretningsmessig om opningstider og tilbod i lågsesong. Elles er drifta planlagt i tråd med VTM sine langsiktige mål og strategiar.

Det er prioritert to nye tiltak for 2017: konsolidering med Grimdalstunet og Telemarksarkivet. Ein hadde som målsetnad at ein berre fremja eit tiltak, men prosessane rundt begge tiltaka er slik at ein ikkje kan velje bort det eine.

#### Grimdalstunet

Anne Grimdalens Minne/Grimdalstunet vedtok på nyåret 2015 å søkje konsolidering med VTM. Bakgrunnen for søknaden er at styret for AGM ikkje lenger ser seg i stand til å på friviljug basis drive anlegget slik det bør i dag. Dette er ei stifting som forvaltar kunstnarskapen etter bilethoggar Anne Grimdal, og driv eit kunstmuseum med galleri på hennar fødestad, fjellgarden Grimdal. Her er det ei omfattande skulptursamling som presenterer Anne sit kunstnarlege virke, i tillegg til den komplette og autentiske fjellgarden som viser hennar bakgrunn og oppvekst.

Vest-Telemark Museum ser kunstnarskapen etter Anne Grimdal som ein svært viktig del av regionen si kunsthistorie, der bilethoggarane på 1900-talet er vårt særskilde bidrag i nasjonal samanheng. Som del av vårt ansvar sidan konsolideringa har me hatt ansvar for dei andre viktige bilethoggarane våre: Gunnar Utsond, Dyre Vaa, Knut Skinnarland og Tor Vaa. Det vil vere ei styrke for formidlinga av desse kunstnarane å betre kunne setje desse i samanheng. Me ser også ivaretakinga av fjellgarden Grimdal som viktig. Dette autentiske tunet med dei 11 bygningane er eit viktig dokument på livet her fram til midten av førre hundreår. Det er slik viktige faglege argument for å sikre drift og formidling av kunstnarskapen etter Anne Grimdal og garden Grimdal, gjerne som ein del av det konsoliderte Vest-Telemark Museum.

Me vil også peike på verdien i det store arbeidet som er lagt ned gjennom åra for å etablere Grimdalstunet som ein arena for kulturoppleving og kunstformidling. Det er gjennom åra bygd opp eit positivt rennomé til både galleripublikum og kunstnarar. Grimdalstunet formidlar ei historie med substans og kvalitet, og er ein attraktiv stad for utstillarar.

Det er ein føresetnad for at VTM skal ta ansvar at det følgjer tilstrekkelege ressursar til å dekke dei tenester og utgifter som dette medfører. Det er gjort ei grundig vurdering av driftsøkonomien og

## Årsmelding 2015

vedlikehaldstrongen for anlegget. Tokke kommune gjorde 16.februar d.å. vedtak om å auke sitt årlege driftstilskot knytt til Grimdalstunet frå kr. 140' til kr. 340'. Med utgangspunkt i fordelinga 40-60 mellom regional og statleg finansiering søker me difor om kr.500' i årleg driftstilskot for å kunne handtere Grimdalstunet som del av VTM.

### Telemarksarkivet

Telemarksarkivet er eit felles tiltak saman med Norsk Industriarbeidmuseum og Telemark Museum. Satsinga har blitt varsle og omsøkt departementet gjennom fleire år, og ein er no i førebels siste prosjektår med fylkeskommunal driftsfinansiering. Det difor avgjerande å byggje fleire bein under finansieringa. Departementet har sjølv peika på musea som viktig ressurs i privatarkivarbeidet, noko også arkivverket gjere. Telemark har ikkje hatt noko apparat for feltet, men ein er no i gang. Det har lukkast å finne ei nøktern og realistisk organisering ved å leggje fagfeltet til dei tre konsoliderte musea i Telemark. Statsarkivet på Kongsberg som har den fylkeskoordinerande rolla for Telemark, utan ressursar til å gjere noko faktisk arbeid for Telemark, har heile tida vore med som faginstans og stiller seg bak organiseringa. Det er bygd opp kompetanse og forpliktande fagleg nettverk og fellesskap mellom arkivarane i dei tre regionane, og ein er ikkje minst godt i gang med innsamling, ordning og formidling av viktig materiale. Eigen felles søknad om tiltaket vert sendt departementet, i tillegg til dei ordinære budsjettsøknadane frå dei tre musea.

For Stiftinga Vest-Telemark Museum

Eidsborg 24.02.2016

Lars Bjaadal, styreleiar

Terje Haugen, nestleiar

Ingerid Hayes, styremedlem

Johannes Skarprud, styremedlem

Hege Jonassen Verpe, styremedlem

Tilman Hartenstein, tilsettes representant